

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/11022-1

## **Årsmelding 2015 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - utkast pr. 03.11.15**

### **Sekretæren rår fylkesrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsmelding 2015 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 3. november
3. Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen.

#### Vedlegg:

Årsmelding 2015 – fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane, i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

#### **Overordna målsetjingar**

- Fremja likestilling på alle samfunnsområde
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- Fremje desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har valt «Arbeid for alle – også funksjonshemma» som hovudfokus i denne val-perioden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a.

Valperioden 2011 – 2015 vart fylgjande valt som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:  
Norunn Lunde Furnes - politiskar varamedlem er: Ragnar Eimhjellen  
Odd Atle Stegegjerdet - politiskar varamedlem er: Randi Rønnekleiv Melvær  
Solfrid Lillebø - FFOi varamedlem er: Gerd Bjørkedal  
Geir Liavåg Strand - FFO varamedlem er: Alfred Brusegard  
Solfrid Fossberg - SAFOii varamedlem er: Gry Sætre

Leiar av fylkesrådet er Norunn Lunde Furnes  
Nestleiar er Odd Atle Stegegjerdet

#### **4. Konklusjon**

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke på og gjennomført t.o.m. november 2015, kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte 3. november. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga av møtet den 3. november. Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen.